



Furelid Eiendom AS
Veråsvegen 2
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/78 - 17/26803

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
02.10.2017

Innkalling til møte/tilsyn vedkomande oljeutskiljar - gbnr 108/506 Lindås

Lindås kommune ved Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkomande manglande innsending av årsrapport for oljeutskiljar anlegg ved gbnr 108/506 Lindås. Frist for innsending av årsrapport vart forlenga til 22.05.2017. Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport for Dykkar anlegg.

Lindås kommune skal etter forureiningsforskrifta § 15-2 føre tilsyn med anlegg som fell inn under § 15-1. Dette gjeld utslepp av oljehaldig avløpsvatn frå bensinstasjon, vaskehall for kjøretøy, motorverkstad, smørehall, servicehall, bussterminal etc. Formål med tilsyn er å sikre at anlegg får rett drift og vedlikehald slik at krav til oljeinnhald i utsleppsvatn vert stetta. Oljeinnhald i utsleppsvatnet skal ikkje overstige 50mg/l. Grenseverdi gjeld uavhengig av om utlepp vert ført til terreng, heilårsbekk, septik/reanseanlegg eller til kommunalt leidningsnett. Grenseverdi skal overholdes under normale driftsforhold. Bedriften skal dokumentere at krav til utslepp vert stetta.

Teknisk drift kaller nå inn til møte/tilsyn: **Fredag 20.10.2017 kl. 12.30** på Rådhuset i Knarvik. Avdelingsleiar for vatn og avløp er kalla inn til møtet.

Vi ber Dykk om å leggje fram følgjande dokumentasjon på møte:

- Årsrapport for anlegg – 2015 og 2016. Årsrapport skal innehalde følgjande dokumentasjon:
 - Dokumentasjon på utført tømning og vedlikehald av anlegg,
 - Analyse av utsleppsvatn. Prøve skal være analysert av godkjend laboratorium. Oljeinnhaldet skal ikkje overstige 50mg/l (målt som totale hydrokarbon).
 - Signert tømmeavtale
 - Type anlegg, størrelse etc.

Det er med heimel i forureiningsforskrifta § 15-2 at kommunen skal føre tilsyn med oljeutskiljaranlegg som nemnt i § 15-1. Dette gjeld og for utslepp av oljehaldig avløpsvatn frå bensinstasjoner, vaskehaller for kjøretøy, motorverkstader etc. Formål med tilsyn er å sikre at anlegg vert tømt og vedlikehalde slik at krav til oljeinnhald i i utsleppsvatn vert stetta.

Med helsing



Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Bensin & Service AS Veråsvegen 2 5955 LINDÅS

Mottakarar:

Furelid Eiendom AS Veråsvegen 2 5955 LINDÅS